



TEATRET



ÅRSRAPPORT 2022

NYNORSK

Innhald

I. LEIAREN SI MELDING	1
II. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	3
II.1 Verksemdas føremål.....	3
II.2 Organisasjon	6
II.3 Nøkkeltal	7
II.4 Rekneskapsprinsipp.....	8
III. ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	9
III.1 Resultat og oppnåing av mål.....	9
III.1.1 - Mål 1: Riksteatret skal tilby eit scenekunstrepertoar av høg kvalitet, og fremje kunstnarleg utvikling og fornying.....	9
III.1.2 - Mål 2: Riksteatret skal bygge fellesskap gjennom eit scenekunsttilbod som er tilgjengeleg, representativt og relevant for publikum i heile Norge	15
III.1.3 - Mål 3: Riksteatret skal vere ein aktiv samarbeidspartner for ulike aktører i scenekunstheltet.....	20
III.2. Ressursbruk	26
IV. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA.....	30
IV.1 Internkontroll	30
IV.2 Fellesføringar - Konsulentbruk.....	31
IV.3 Fellesføringar - Lærlingar.....	32
IV.4 Klima- og miljøtiltak.....	32
IV.5 Likestilling og mangfald.....	33
IV.6 Aktivitets- og utgreiingsplikt	35
IV.7 Revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen	40
V. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER.....	41
VI. ÅRSREKNESKAP	43
VI.1 Prinsippnote årsrekneskapen.....	46
VI.2 Løyverapportering med noter	47
VI.3 Artskontorapportering med noter.....	48
VI.4 Scenestatistikk 2022.....	53

Forsidefoto:

frå **Mine venner**

Med Linn Bjørnvik Grøder, Katja Brita Lindeberg, Evy Kassetth Røsten og Marte Stolp

Av Monica Isakstuen

Regi Kjersti Haugen

Foto © Magnus Skrede

I. LEIAREN SI MELDING

Riksteatret har på fleire vis stadfesta deira sterke posisjon som eit attraktivt teatertilbod i distrikta. Både gjennom pandemiperioden og no i ettertid syner publikum at dei set stor pris på vårt bidrag til kulturhusa sine repertoar, trass i at besøkstala er lågare enn før pandemien. I den breie kulturbransjen blir det no kontinuerleg arbeida med analyser og tiltak for å få tidlegare og nye publikum tilbake inn i teatersalane. Strammare økonomi og nye vaner hos publikum er ein del av forklaringa på svikten i billettinntektene i 2022. Dette er ei utfordring vi i samarbeid med kulturhusa må arbeide vidare med i eit langsiktig perspektiv.

“Riksteatret leverte eit kontinuerleg tilbod av framsyningar i heile landet gjennom store deler av pandemien”

Riksteatret leverte eit kontinuerleg tilbod av framsyningar i heile landet gjennom store deler av pandemien og har derfor opprettheldt deira gode relasjon til store publikumsgrupper. Då vi hausten 2022 gjenopptok to av framsyningane som blei hardast råka av avlysingar, kvitterte publikum med fulle salar langs både turnérutene. Det er vi særst nøgde med. Vi har i 2022 hatt moglegheit til å gi publikum det dei ønskte seg i reprise eller som erstatning etter avlysingar på turné. Vi ser at der kulturhusa i snitt har hatt ein besøksnedgang på mellom 40 og 50%, ligg nedgangen for Riksteatret sine turnéframsyningar på berre 20-25%. Dette gir oss trygghet og mot til å fortsette vår kurs med ei brei programmering som inkluderer satsing på unge kunstnarlege krefter, nye titlar og urpremierar. I mai fekk vi endeleg igjen samla alle kulturhusleiarane til arrangørseminar i Nydalen, der vi diskuterte felles utfordringar og framtidig programmering.

“Kontinuitet i teatertilbodet byggjer forventning og skaper på sikt større nysgjerrigheit for scenekunst”

I 2022 fekk vi ikkje etablert samarbeid med andre teater ettersom planleggings-situasjonen deira gjennom 2020 og 2021 hadde vore høgst usikker, med omprogrammering, sjukdom, streik og avlysingar i deira eigne repertoar. Med bruk av monalege ressursar gjennomførte vi likevel turnear gjennom heile året, med 413 framsyningar for ulike målgrupper. Teaterframsyningane vi sendte på turné blei gjennomgåande veldig godt mottatt av publikum og kritikarar. Vår store tilskodarundersøking, gjennomført i 2022, ga også særst positive svar, med blant anna; *særst stor grad av tilfredsheit med Riksteatret*. Heile 94% av dei 2.640 som svarte, sa at dei ville anbefale Riksteatret til andre.

“Dette gjer Riksteatrets rolle som ei kunstnarleg grunnstamme unik og viktig på alle dei 74 stadene vi spiller våre framsyningar”

I ei tid da mange kulturhus ser seg nøydde til å velge eit særst tradisjonelt og trygt repertoar, blir Riksteatrets kvalitet og kunstnarlege vilje i ekstra stor grad verdsett hos eit lokalt publikum. Dette

gjør Riksteatrets rolle som ei kunstnarleg grunnstamme unik og viktig på alle dei 74 stadene vi spiller våre framsyningar.

Sjølv på stader som ligger relativt nær byer med fleire større kunst- og kulturinstitusjonar, ser vi at publikum lojalt vel våre framsyningar på det lokale kulturhuset. Lærdomen frå 2022 er derfor at vi bør auke besøksfrekvensen til kvart enkelt kulturhus. Kontinuitet i teatertilbodet bygger forventning og skaper på sikt større interesse for scenekunst. Spesielt er våre påkosta, men nøkternt prisa barne- og familieframsyningar noko folk ute i distrikta ønskjer seg meir av. Dette leverer vi på. Når kulturhus og kommunar avgrensar tilbodet til innbyggjarane sine, blir Riksteatrets besøk desto viktigare. Det ansvaret har vi tatt i 2022 og det vil vi fortsette med.

Oslo, 15.3.2023



Arne Nøst
Riksteatersjef



Stephan L. Jervell
Styrets leiar

II. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

II.1 Verksemdas føremål

I tildelingsbrevet til Riksteatret for 2022 er målet for verksemda skildra slik:

Bevilgningene til musikk og scenekunst bygger opp under de nasjonale målene for kulturpolitikken om at alle skal få tilgang til et fritt og uavhengig kulturliv av ypperste kvalitet, som fremmer mangfold, inkludering, dannelse og demokratisk deltakelse. Regjeringen ønsker å legge til rette for at musikk- og scenekunstinstitusjoner skal holde høy kvalitet og være verdsatt på sitt felt, både nasjonalt og internasjonalt. Det er viktig at institusjonene arbeider aktivt for å være relevante og representative, for å nå ut til flere med det de tilbyr. Økt deltakelse vil bygge fellesskap som kan bidra til bedre inkludering og styrket demokrati. Bevilgningene skal også legge til rette for et musikk- og scenekunsttilbud som styrker befolkningens grunnlag for dannelse og kritisk refleksjon, gjennom å vekke engasjement og tilrettelegge for meningsbrytning og et mangfold av ytringer.

Målene for bevilgningene til musikk og scenekunst i 2022 er å legge til rette for produksjon og formidling av musikk- og scenekunstuttrykk av høy kvalitet, kunstnerisk utvikling og fornyelse og et musikk- og scenekunsttilbud som er tilgjengelig for et bredt publikum.

Riksteatret er statens underliggende virksomhet på scenekunstmrådet, og skal innenfor de målsettinger, rammer og ressurser som til enhver tid er fastsatt av departementet, tilby profesjonell scenekunst i hele landet og supplerer slik det øvrige scenekunsttilbudet. Riksteatret har som formål å "fremja arbeidet med å føra dramatisk kunst ut til folket i bygd og by og på andre tenlege måtar å auke kjennskapen til god dramatisk kunst", jf. lov om Riksteatret av 13. desember 1948.

Følgende mål gjelder for Riksteatret i 2022:

1. Riksteatret skal tilby et scenekunstreperatoar av høy kvalitet, og fremme kunstnerisk utvikling og fornyelse
2. Riksteatret skal bygge fellesskap gjennom et scenekunsttilbud som tilgjengelig, representativt og relevant for publikum i hele Norge
3. Riksteatret skal være en aktiv samarbeidspartner for ulike aktører i scenekunstheltet

Målene skal bidra til departementets overordnede mål for bevilgninger til kulturformål, og skal følges opp gjennom styringsparametere

Resultatmåla for 2022 er sett opp i samsvar med måla i tildelingsbrevet, og med styringsparameterane Riksteatret har utarbeida i samråd med Kulturdepartementet.

II.2 Organisasjon

Riksteatrets administrasjons-, produksjons- og framsyningslokale ligg i Nydalen i Oslo. Frå 2014 har Riksteatret også hatt felles verkstad med Nationaltheatret på Brobekk i Oslo.

Riksteatret har 78 fast tilsette per 31.12.2022. Total bemanning utgjorde 102,4 årsverk i 2022. Dette inkluderer 28 årsverk (fordelt på ca. 140 prosjekttilsette) som er summen av ulike engasjement, primært frilanskunstnarar. Ved fellesverkstaden på Brobekk er det 1 fast tilsett som har sitt juridiske tilsettingshøve ved Riksteatret, mens dei andre 16 er tilsette ved Nationaltheatret.

Riksteatrets øvste leiarskap:

Teatersjef Arne Nøst

Direktør Knud Bjørne-Larsen

Teknisk sjef Kristin Tunold-Hanssen

Produksjonssjef Ingvild Hellum

Turnésjef Pål Gjersum

Marknads- og kommunikasjonssjef Bente Kolset Apenes

Riksteatrets styre:

Stephan L. Jervell, styreleiar

Randi Eek Thorsen, nestleiar

Hannah Wozene Kvam

André Wallann Larsen

Lars Leegaard Marøy


Emnet Kebreab, valt av dei tilsette

Stephan Mehl, valt av dei tilsette

Varamedlemmer:

Elise Handen varamedlem for Emnet Kebreab

Lars Årdal varamedlem for Stephan Mehl



II.3 Nøkkeltal

Alle beløp i 1000

Aktivitet og publikumsbesøk	2020	2021	2022	Endring 21-22
Tal på framsyningar	184	286	413	127
Tal på produksjonar (*)	9	9	7	-2
Totalt publikum	33 338	49 399	73 033	23 634
Totalt publikum på turné	30 722	44 389	61 705	17 316
Publikum barn og unge	13 506	21 410	27 353	5 943

(*) eksklusive gjestespel i Nydalen

Økonomiske nøkkeltal - I	2020	2021	2022	Endring 21-22
Utgiftsløyve, brutto post 01-99	132 989	142 750	154 025	11 275
Inntektskrav post 01-99	-10 117	-13 474	-17 997	-4 523
Nettoløyve	122 872	129 276	136 028	6 752

Økonomiske nøkkeltal - II	2020	2021	2022	Endring 21-22
Rekneskapsførte driftsutgifter post 01-99	132 853	149 358	154 591	5 233
Utnyttingsgrad *)	99,9%	104,6%	100,4%	4,2 p.poeng
Rekneskapsførte inntekter post 01-99	-10 905	-16 467	-16 740	-273
Grad av nådd inntekt	107,8%	122,2%	93,0%	-19,2 p.poeng
Rekneskapsførte nettoutgifter	121 948	132 891	137 851	4 960
Lønsdel av utgifter **)	57,0%	59,4%	53,2%	-6,2 p.poeng
Lønsutgifter per årsverk **)	742	817	806	-11

*) Mogleggjort av kapitalreserven, altså mindretgifter i tidlegare år.

**) Lønsutgiftene varierer med graden av samarbeid med andre teater. I einsskilde produksjonar er skodespelarane fast tilsette på samarbeidsteatret, og av omsyn til pensjonsoppteninga blir dei ståande på løn der også i tida dei arbeider for Riksteatret. Samarbeidsteatret fakturerer Riksteatret for lønsutgiftene i etterkant. Nokre kunstnarar fakturerer også som sjølvstendig næringsdrivande. Våre bokførte lønsutgifter viser derfor ikkje produksjonane sine totale lønsutgifter.

I tal på årsverk inkluderer vi alle som arbeider for Riksteatret i løpet av året. Dette talet inkluderer dermed både personar som får lønen sin utbetalt av eit annet teater mens dei arbeider for Riksteatret, og personar som fakturerer som sjølvstendig næringsdrivande, til dømes instruktørar og scenografar.

Dette medfører at nøkkeltala lønsdel av utgifter og lønsutgifter per årsverk er avhengige av korleis produksjonsporteføljene er samansett og korleis samarbeid med andre teater er organisert. Det kan derfor vere lite hensiktsmessig å samanlikne desse to nøkkeltala frå eitt år til eit anna.

Økonomiske nøkkeltal - andre	2020	2021	2022	Endring 21-22
------------------------------	------	------	------	---------------

Utgifter direkte knyta til prosjekta *)	47 582	62 286	63 665	1 379
	36%	42%	41%	-1p.poeng
Del av prosjektutgifter i % av bruttokost				
Samla inntekter	10 905	16 467	16 740	273
Inntekter i % av bruttokostnad	8,2%	11,0%	10,8%	-0,2 p.poeng
Snittbillettpris	206,-	235,-	213,-	-22,-

*) Utgifter for fast tilsette sceneteknikarar, inspisientar o.a. er ikkje inkludert i direkte utgifter.

Inntekter	2020	2021	2022	Endring 21-22
Billettinntekter	7691	11 589	15 509	3 920
Billettinntekter i % av utgiftsløyve	5,8%	8,1%	10,0%	1,9 p.poeng
Sponsorinntekter	813	0	210	210
Sponsorinntekter i % av utgiftsløyve	0,6	0	0,13%	0,13 p.poeng
Samarbeidsinntekter	1694	4733	0	-4733
Samarbeidsinntekter i % av utgiftsløyve	1,3%	3,3%	0%	-3,3 p.poeng

Årsverk	2020	2021	2022	Endring 21-22
Totalt tal på årsverk *)	102,0	108,5	102,4	-6,1

*) Årsverk inkluderer prosjekttilsette skodespelarar, teknikarar og kreativt team.

II.4 Rekneskapsprinsipp

Riksteatret fører rekneskapen i samsvar med kontantprinsippet, sjå elles prinsippnota til årsrekneskapen.

III. ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

III.1 Resultat og oppnåing av mål

Kvart år set Kulturdepartementet mål for Riksteatret gjennom tildelingsbrevet, ref. mål 1-3 nedanfor. I samarbeid med departementet blir det utarbeida styringsparameter som det skal rapporterast på. Vidare stiller departementet krav til målemetodar for resultatmåla som blir sett. I dei følgjande kvantitative måla er internevalueringa som er utført av kunstnarleg råd og leiargruppa lagt til grunn, i tillegg til tilbakemeldingar frå publikum, kulturhusa, produksjonanes kunstnarlege team og teaterbransjen elles.

III.1.1 - Mål 1: Riksteatret skal tilby eit scenekunstrepertoar av høg kvalitet, og fremje kunstnarleg utvikling og fornying

Styringsparameter 1.1 – Kvalitet i produksjon og formidling

Resultatmål: Verksemda skal vere prega av kunstnarleg vilje, evne og relevans.

Når modige og nye val i teaterproduksjon både blir kunstnarlege suksessar og publikumssuksessar med godt besøk og fine tilbakemeldingar, har vi lukkast. Det er oppmuntrande å bli omtalt som feinschmecker-teater, og det kom i 2022 uvanleg mange e-postar frå foreldre og føresette med tilbakemeldingar om uvanleg fine teateropplevingar i lag med barna. Vår ambisjon om nyskaping, relevans og kvalitet blir ofte nådd sjølv om ei framsyning ikkje får rekordhøgt besøk. Å nå mindre og meir avgrensa målgrupper med eit kvessa innhald, har vi også fått til.

Nyskrive, relevant samtidsdramatikk og modernisering av klassikarar har vore eit mål kvar sesong dei siste åra. Det same går for engasjement av unge nyutdanna skapande kunstnarar som ikkje tidlegare har arbeida ved Riksteatret, gjerne kunstnarar med utdanning eller virke utafor Norge, som kan bringe nye idear, arbeidsformer og uttrykk inn i scenekunsten. Gjennom dette er måla om å vise kunstnarleg vilje, evne og relevans nådd i 2022.

Som eksempel kan vi nemne Eline Arbo, som hausten 2022 regisserte eit nyskrive drama om Jeanne d'Arc, som ho i stor grad også tilpassa sjølv. Arbo er utdanna i Nederland, og var først i ei rekkje av tre unge regissørar med utdanning frå Amsterdam som skal arbeide ved Riksteatret framover. Eit kjenneteikn ved utdanninga er til dømes at dei ikkje arbeider med teksten som hovudelement, slik vi har tung tradisjon for her i landet. Verkemiddel som lys, musikk og rørsle og dans får større plass som forteljande element. Dessutan er dei yngre regissørane i større grad opptekne av samtidspolitisk, og gjerne aktivistisk, innhald. Vi opplever at framsyningane deira treffer eit ungt publikum særleg godt, og det er noko vi ønskjer oss.

Det største og mest trufaste, vaksne publikumssegmentet har fått klassikarar servert i nye tappingar. Nok ein gong har vi rekruttert nokre av landets beste scenekunstnarar, som med fantastisk skodespelararbeid gir framsyningane leiksamheit og presisjon som tek pusten frå publikum og endar i

rekordlange applausar. Det går gjetord om vår *Peer Gynt*. Viss det praktisk og økonomisk let seg løyse, kunne framsyninga ha turnert med utselte hus i fleire år. Ho er heldigvis blitt festa til film i samarbeid med Applaus Scene, som i første omgang skal syne ho digitalt for skoleelevar.

Kunstnarleg vilje og ambisjonar blir meisla fram på fleire nivå over lang tid. – Repertoaret er først og fremst definert av Riksteatret sine ønskjer om historier og tematikkar. Så følger ein lengre, konkret dialog mellom Riksteatret og dei ulike kunstnarlege laga. Ambisjonar og ønskjer med omsyn til format, innhald, verkemiddel og rollebesetning skal fastleggast og samstemmast for kvart enkelt prosjekt. Riksteatrets produksjonsmodell sikrar at ambisjonane blir oppretthaldne gjennom heile prosjektgangen.

Vi er særst nógde med oppnåing av måla på dette viktige kunstnarlege punktet i strategien vår, og med Riksteatret si samfunnsoppgåve som kunstformidlar for heile landet.

Styringsparameter 1.2 – Variert repertoar

Resultatmål a: Riksteatret skal tilby eit breitt spekter av scenekunst.

Resultatmål b: Kvar spelestad skal ha eit tilpassa repertoar.

Riksteatret har levert eit breitt spekter av teater for målgruppene, men innafor det rekordlåge talet på titlar/produksjonar vi formidla i 2022, er det grenser for kor stor bredde kvart kulturhus fekk med berre 3-4 besøk. Alle fekk eit tilbod til både vaksne og barn.

Vi har spelt klassikarar (Ibsen & Lindgren) i både klassisk og modernisert form. Vi har bestilt og spelt ei heilt ny dramatisering av ein populær samtidsroman (Isakstuen) og omarbeida nyskriven dramatik over ei gammal historie (Svensson/Arbo). Vi har hatt norgespremiere på ein moderne tysk klassikar (Bernhard) og urpremiere på nyskrive barneteater (Lier Horst/Brinchmann). Alle med spennande, overraskande og vellykka designløyisingar. Innafor den breie sjangeren drama er det ikkje mogleg å få det meir nyansert enn dette. Vi ser samtidig at det er andre viktige scenekunst-sjangerar og målgruppespesifikke produksjonar som vi skulle hatt plass til dette året.

	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Mål 2022	Mål 2023
Produksjonar	10	9	7	7-10	7-9
Riksteaterproduksjonar	7	7	6	4-10	6-8

1.2.1 Repertoar

VÅREN 2022

Kva er det med Hedda Gabler? Saman med eit lag av unge skodespelarar ønskte regissør Fredrik Longva å sjå på «**Hedda Gabler**» med vår tids auge og gi Ibsens klassikar fornya relevans. Før premiere inviterte vi til «Hedda Gabler - et helt vanlig menneske?» på Litteraturhuset (fysisk og digitalt) med forfattar Vigdis Hjorth, psykolog og filosof Ole Jacob Madsen, regissør Fredrik Longva og NRK sin kulturkommentator Inger Merete Hobbestad. Vi inviterte publikum til gratis intro før

framsyning på turné og utarbeida pedagogisk materiell til skoleklassar som ville sjå framsyninga. Slik bidrog vi til at fleire generasjonar kom saman i kulturhuset for felles teateroppleving. Pressen skreiv m.a «En Hedda til å forstå» Dagbladet (5), «Frisk og til ettertanke» Subjekt (5). Produsert av Riksteatret.

Forfattar Monica Isakstuen pirkar i det stygge i folk. Forbløffande mange seier dei kjenner seg igjen. Hennar kritikarroste roman «**Mine venner**» er om alt vi ikkje tør snakke om når vi snakkar om venskap. Boka blei til teater i Kjersti Haugens regi og dramatisering, til kritikarane si store begeistring. «Godt spill (...) Vellyst og hevn på kvinnevis» Aftenposten (5), «Fest» Tønsberg blad (5). «Både vellykket og velbygd» Norsk Shakespearetidsskrift. Før vitjing på mange spelestader inviterte vi publikum til møte med forfattaren og journalist Mona B. Riise på litteraturhus og folkebibliotek. Når teateret og offentlege litteraturformidlarar går saman om å invitere publikum, når vi eit breiare publikum enn båe partar ville nådd kvar for seg. Produsert av Riksteatret.

Enda fleire barn fekk oppleve Tiril, Oliver og Åtto og Riksteatrets «**Detektivbyrå nr 2 – Operasjon Teater**» der dei bur. Hilde Brinchmann si kritikarroste oppsetjing fekk eit langt liv med riksdekkande turné både haust 2021 og vår 2022. Operasjon Teater er eit nytt oppdrag for Detektivbyrå nr. 2. Eit mysterium som berre kan opplevast når Riksteatret kjem til ditt kulturhus. For kva er det som skjer når Riksteatret vitjar Elvestad for å spele framsyninga Hamlet? Barna i salen får vere med og hjelpe Tiril og Oliver med å løyse mysteriet, og dei vaksne klarer ikkje å sitte helt stille, dei heller! Kritikarane trilla terningkast 5 og 6, og NRK skreiv «Haustens beste barneframsyning». Produsert av Riksteatret. På turné både vår og haust.

«**Mio, min Mio**» blei sett på vent under pandemien, men fekk endeleg eit liv på turné. Denne vakre framsyninga i Hilde Brinchmann sin regi blei kåra til "Årets beste barneframsyning" og vann Heddaprisen i 2019. Astrid Lindgrens eventyr blir spelt inne i ein spesiell «teaterboks» på scena, der publikum og skodespelarar kjem tett på einannan. Kvar oppsetjing har plass til berre 90 personar. Sjeldan har Riksteatret fått så mange og hyggelege meldingar frå publikum som etter denne framsyninga. «Mio, min Mio» er eit unikt teatereventyr som mange aldri hadde sett maken til: «Tusen takk for ei fantastisk framsyning, eg er så takknemleg for at eg fekk dele opplevinga med mine tre barn! 🍌🍌 Det er heilt fantastisk at dei tek turen rundt om i landet, set stor pris på Riksteatret.» Produsert av Teatret Vårt og Nordland Teater. På turné med Riksteatret.

Vår eigen kritikarroste teaterkonsert «**Teaterkonsert Sundfør**» frå hausten 2021 gjesta Riksteatret i Nydalen under Hedda-dagane 2022, saman med «**Bartleby**» frå Trøndelag Teater. Hålogaland Teaters «**Eit dukkehjem – 15 år etter**» var også sett opp på speleplanen, men blei avlyst like før scenekunsthfestivalen skulle gå av stabelen. For Riksteatret er det viktig å vere ein gjestearena for teater frå heile landet under Heddafestivalen. Dersom det er økonomisk og praktisk mogleg, sett vi også gjerne opp egne framsyningar som har vore på turné.

HAUSTEN 2022

Kven var «**Jeanne d’Arc**» og kvifor er vi framleis så fascinert av denne unge, modige jenta som er blitt eit ikon for ei hel verd? Regissør Eline Arbo er kjent for å sjå på historiske karakterar med nytt blikk. - Eg er interessert i mennesket Jeanne d’Arc. Ei så ung kvinne på 1400-talet som klarer det utroligaste. Kva driver ei ung jente til å få til alt dette? Ho sto opp mot makta, og det vitnar om ein person med høg integritet og stor drivkraft. Det er dei menneskelege aspekta eg er interessert i, sa den prislønte regissøren. Med Monica Dybwad i tittelrolla og eit leikent ensemble fekk oppsetjinga sær gode meldingar: «Strålande teater» Dagbladet (6), «Jeanne d’Arc er både vakker og grusom» Aftenposten, «Usedvanlig vellykket» Morgenbladet, «fascinerande intenst, stramt og interessant teater med gode prestasjoner» Klassekampen. I lag med Nobels Fredssenter inviterte vi publikum til «Kva er vi villige til å kjempe for i dag?», eit gratis føredrag for alle før framsyninga. Skoleklasser fekk også besøk i klasserommet av Fredssentret sin eigen formidlar med eit spesialtilpassa dialogprogram. «Jeanne d’Arc» blei produsert av Riksteatret.

Thomas Bernhards «**Ved målet**» har aldri tidlegare vore spelt i Norge. Med Anne Krigsvoll, Josefine Frida og Karl-Vidar Lande i rollene og prislønte Johannes Holmen Dahl i regirollen, ønskte vi å invitere publikum til eit teaterstykk som publikum frå fleire generasjonar kunne kjenne seg att i. «Ved målet» er ei sterk historie om ei mor som ikkje vil gi slipp, og ei vaksen dotter som ikkje klarer å komme seg vekk. Kvar år, på den same dagen, reiser dei til det gamle huset ved havet. Slik har det vore så lenge dei kan huske. Berre dei to, aleine saman. Når ein ung forfattar kjem på vitjing, slår mønsteret sprekkar. Kritikarane jubla, og publikum fann vegen. Ikkje så mange som vi kanskje skulle ønskt, men dei som kom var sær nøgde. Dagsavisen kåra «Ved målet» til ei av haustens beste framsyningar og skreiv: «Teater for feinschmeckere». Produsert av Riksteatret.

«**Peer Gynt**» i Ole Anders Tandbergs regi med Anders Baasmo, Gisken Armand, Ola G. Furuseth, Jan Sælid og Thea Lambrechts Vaulen på scena fekk eineståande meldingar da framsyninga hadde premiere under pandemien. «Peer Gynt» blei spelt for utselte (korona-) hus der det var mogleg å spele, men diverre avlyst mange stader grunna smittevernrestriksjonar. Ein ny turné blei derfor sett opp hausten 2022 med Kirkenes og alle våre spelestader i Finnmark, Troms og Norland som hovudprioritet. Skoleklasser vart vitja av skodespelarane der det let seg gjere, og kulturhusa blei fylt av publikum i mange ulike aldersgrupper. Det gir ekstra mening å vere teater for heile landet når ein kan reise tilbake til alle dei som ikkje fekk oppleve oss under pandemien. Etter haustens siste turnéframsyning, blei «Peer Gynt» filma av Applaus scene, slik at skoleklasser og andre interesserte kan oppleve framsyninga digitalt når det passar dei seinare. «Peer Gynt» er produsert av Riksteatret.

DIGITALE FRAMSYNINGAR

Riksteatrets hovudprosjekt er å samle publikum frå ulike generasjonar til felles oppleving i kulturhusa. I lag med med Applaus scene gjer vi det også mogleg for skolelevar å sjå nokre av våre kritikarroste oppsetjingar digitalt i klasserommet. Dette året har cirka 50 000 elevar i heile landet fått oppleve Riksteatrets “**Gjengangere**” på dette viset, og totalt har cirka 70 000 sett produksjonen etter at han blei tilgjengeleggjort digitalt. Heddaprisvinnaren “**Havboka**” i filmkvalitet har til no blitt sett av cirka 10 000. Når filmversjonen av “**Peer Gynt**” blir tilgjengeleg i 2023, er det grunn til å tru at vi kan nå fleire tusen nye publikummarar.

Riksteatret si framsyning **LIV** er hittil sett av 300.000 sjåarar på NRK og SVTV etter at ho blei lagt på plattformene deira medio 2021. Filmen blei i 2022 også vist under Filmfestivalen i Haugesund og under Nordiske Filmdager i Lübeck. Han er nyleg blitt booka for framsyning under filmfestivalen i Schwerin i mai 2023.

Som heile landets teater gjer vi alle våre tilleggsarrangement på Litteraturhus og bibliotek digitalt tilgjengelege, slik at publikum kan følge oss når og kor dei vil, uansett kor i landet dei er. Sjå også pkt 2.3 om publikumsutvikling.

1.2.2 Eit breitt repertoar ved kvart kulturhus

Vi ønskjer å tilby kvar einskild spelestad eit variert og tilpassa repertoar. Det er stor variasjon i publikumsinteresse og -grunnlag på dei ulike plassane vi speler. Kommunane varierer i folketal frå ca. 3.000 til 110.000. Minimumsleveringa (med eitt avtalt unntak) er 2 framsyningar for vaksne og 2 for barn/ungdom kvart år. Nedgangen over tid i tal på produksjonar RT kan presentere på turné legg restriksjonar på både bredde i og tilpassing av repertoaret på dei einskilde spelestadene. I tillegg har 2022 vore prega av koronarelaterte avlysingar. I sum gjer dette at vi i liten grad har kunne tilby eit breitt repertoar ved kvart kulturhus.

Styringsparameter 1.3 – Utvikling og fornying

Resultatmål a: Riksteatret skal vidareføre utforsking av ulike framsyningsformat, arenaer og speletidspunkt.

Resultatmål b: Riksteatret skal betre utnyttinga av teknikkens plass som ein del av det kunstnarlege uttrykket ved å ta i bruk ny teknologi og nye produksjonsmetodar.

1.3.1 Utforsking av format, arenaer og speletidspunkt

Vi held fram med det påbegynte arbeidet med utforsking. Vi har i 2022 utgreid og spelt med nye tekniske, kunstnarlege og publikumsmessige rammer og levert på målsetjinga vår. Det er særleg barneframsyningar vi har vore merksame på når det gjeld å utforske andre vis å presentere framsyningane på. Det blei gjennomført ein turné med nytt format i 2022 og samtidig planlagt ein delvis “stads-spesifikk” utandørs framsyning for barn, på turné våren 2023.

Tidlegare omtala **Mio min Mio** fekk turnere i eit format som eigentleg var tilpassa eit stasjonært teater. For å få til ei intim og interaktiv framsyning for og med barna, er heile sceneløysinga med spelearealet og publikumsplassar flytta opp på scena. Denne framsyninga, med spesialtilpassa “publikumskontakt” for dei små, har fått fantastiske tilbakemeldingar. For å kompensere noko for det låge taket på 90 publikummarar pr. framsyning, spelte vi ofte dobbelt, dvs. to framsyningar same dag på kvart kulturhus.

Bølgebrus, som skal ut på turné våren 2023, er også i eit intimt format, for maksimalt 40 barn på eit avgrensa og oppbygd uteareal med naturen som scenografi. Den skal også spelast fleire gonger pr. dag og hovudsakeleg på dagtid, så barnehagebarn kan komme som publikum. I helgene vil det vere opne framsyningar for familiar.

Å spele på ulike tidspunkt og i ukjente parkområde blir ei ny erfaring for Riksteatret og ein ny måte å arbeide med logistikk og scenografi på. Katrine Strøm/Katma, som har skapt framsyninga, er anerkjent for å lage stadspesifikke (utafor det tradisjonelle scenerommet) og interaktive framsyningar tilpassa dei minste barna.

	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Mål 2022	Mål 2023
Urpremierar	2	4	1	1-4	4-6
Utviklingsprosjekt			5	1-3	1-3

1.3.2 Ny teknologi og nye produksjonsmetodar

Året har hatt gode resultat med omsyn til å stadig utvikle bruk av ny teknologi

I 2022 testa vi for første gong å 3D-frese isopor på CNC fresen vår. Vi ville lage eit relieff på 3m x 8m, inspirert av eit gammalt relieff som viste ei scene frå historia om Jeanne d'Arc. Kroppane til skodespelarane skulle inkorporerast i relieffet. For å få til dette lagde vi først eit digitalt relieff inspirert av original mal. Så lagde vi ei 3D scanning av skodespelarane i den posisjonen dei skulle ha i relieffet. Etter det blei desse filene kombinert inn i ein digital og omarbeida før den endelege digitale filen blei sendt til CNC-fresen som så freste ut relieffet i 1:1 størrelse. Dette lærte oss mykje om moglegheiter og utfordringar, vinningar og tap ved desse metodane, som vi seinare kan dra god nytte av.

Vi reiste ut med ein framsyning som berre gjorde bruk av lys som var integrert i dekorasjonen. Lyssettinga avgrensa moglegheitene for variasjon og vinklar, men med designarar sin smarte bruk av nivå og fargetemperaturar, gav det framsyninga eit vakkert lys med lågt energiforbruk.

I møte med stadig strengare forskrifter for bruk av spesialeffektar på lokale scener har vi undersøkt moglegheita for å nytte elektriske pyro-effektar som trygt kan brukast innandørs og ikkje krev individuell søknad til 70 lokale brannvesen. Våre testar har dessverre vist at produkta foreløpig ikkje møter vårt behov, men vi har likevel fått eit viktig innsyn i moglegheitene som er på veg.

III.1.2 - Mål 2: Riksteatret skal bygge fellesskap gjennom eit scenekunsttilbod som er tilgjengeleg, representativt og relevant for publikum i heile Norge

Styringsparameter 2.1 – Publikumsoppslutning

Resultatmål a: Riksteatret skal spele dramatikkk som engasjerer og utfordrar, og fortelje historier som sameinar på tvers av geografi og demografi.

Resultatmål b: Riksteatret skal by på stimulerande og engasjerande teateropplevingar for eit barne- og familiepublikum.

	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Mål 2022	Mål 2023
Publikum totalt	35116	50 109	73 033	80-120 000	70-100 000
Framsyingar totalt	215	281	413	375-440	350-400
Publikum på turné	30722	44 301	61 705	70-100 000	65-95 000
Framsyingar på turné	184	244	348	350-440	340-390
Publikum barne- og familieframsyingar	13506	22 032	27 353	25-50 000	15-40 000
Framsyingar for barn og familiar	94	126	183	100-175	100-175

Samansetjinga av klassisk og ny dramatikkk var god. Fordelinga mellom framsyingar for barn og vaksne var også tilfredsstillande i 2022. Utan samarbeid med andre teater blei berre sju ulike produksjonar/titlar turnert, men dei hadde til gjengjeld lange turnear og fleire over begge sesongane. For å få dette til var overtakingar og utskifting av personale naudsynt i større grad enn vanlig.

Gjennom året har vi jobbe med godt kjente fortellingar, litterære tekster og forfattarar, med unntak av norgespremierer på eit stykke av ein velrenommert tyskspråkleg forfattar og dramatikkar. Produksjonane skildra utfordringar i familiære og nære relasjonar, men med heilt ulike historier og formgrep. Dette er tematikk som rører alle, unge som vaksne. Erfarne og meriterte skodespelarar blanda med nyutdanna talentar (frå heile landet) bar desse historiene ut i landet og var trekkplaster på ulike vis.

Både barneframsyingane våre blei omgåande fulltreffarar og fekk forlenga turnear. Både hadde også samspel med barna som eit formelt og kunstnarleg grep for å engasjere dei i handlinga, eit grep regissør Hilde Brinchmann har gjort til varemerket sitt. Barnepublikummet deltek direkte i spelet med fysiske og/eller verbale uttrykk og på det viset blir dei engasjerte på ein helt annan måte enn dei ville ha gjort om dei var passive tilskodarar.

Vi er særleg stolte av å ha fått spesialskrive ein heilt ny historie frå Detektiv byrå nr. 2 - universet; **Detektivbyrå nr. 2 – Operasjon Teater**. Jørn Lier Horst si omfattande bokserie om Oliver og Tiril, illustrert av Hans Jørgen Sandes, har selt over 3 millionar eksemplar i Noreg. Dei er blitt folkekjære figurar i heile landet. Utover å vere ei underholdande og spanande kriminalforteljing, gir stykket barna innblikk i teatermaskineriet og korleis eit scene- og turnéliv kan arte seg. Vi trur framsyninga på den måten også var med å bygge interessa for teater.


Styringsparameter 2.2 – Spelestadfordeling

Resultatmål: Riksteatret skal ha ei god geografisk fordeling av spelestadar.


	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Mål 2022	Mål 2023
Spelestadar	73	73	73	70-80	70-80

Vi sikter mot ei god geografisk fordeling av framsyningane. Både ved at dei fleste landsdelane får tilbod om framsyningar for barn og vaksne, og at kvar einskild produksjon dekkjer eit så stort område av landet som mogleg. Dette har vi lukkast med også i 2022.

Fordelinga av produksjonar og framsyningar (planlagt og gjennomført) på fylka var slik:



Dette ga eit publikumsbesøk som fordelte seg slik:



Styringsparameter 2.3 – Publikumsutvikling

Resultatmål a: Riksteatret skal tilby meiropplevingar knytt til framsyningar, gjerne i samarbeid med lokale aktørar.

Resultatmål b: Riksteatret skal få fleire nye publikumsgrupper inn i teateret.

Resultatmål c: Riksteatret skal auke besøksfrekvensen for den einskilde publikummar.

Resultatmål d: Riksteatret skal gjere teater tilgjengeleg for barn og unge bl.a. gjennom samarbeid med skolen.

Resultatmål e: Riksteatret skal styrke integreringsperspektivet i publikumsarbeidet.

Publikumsutvikling

Publikumsutvikling er eit permanent, integrert satsingsområde for Riksteatret. Gjennom eigne tiltak, og i samarbeid med kulturhusa, søker vi kontinuerleg å styrke kontakten med og kunnskapen om publikummet vårt. Slik skapar vi gode relasjonar og lojalitet, samtidig som det blir lagt til rette for ei optimalisering av tiltaka våre og utviding av publikumsgrunnlaget.

2022 var prega av endra publikumsvaner i kulturbransjen generelt, noko som blei ei utfordring også for oss. Pandemien og auka økonomisk usikkerheit førte til at publikum vitja teater sjeldnare og blei meir selektive i val av framsyningar. Det står att å sjå om dette representerer eit varig skifte eller om publikum sine vaner vil returnere til "normalen".

Riksteatret nyttar med jamne mellomrom publikumsundersøkingar for å kartlegge besøksfrekvens, motivasjon og kommunikasjonskanalar, samt måle utvikling over tid. Slike undersøkingar blei gjennomført i 2015, 2018 og i 2022. Fjoråret si undersøking, som blei gjennomført blant mottakarar av nyhendebrevet vårt, viste blant annet redusert besøksfrekvens og auka vektlegging av billettprisar ved val av framsyning.

Alle våre arrangørar har eigne billettsystem med tilgang til oppdaterte salstal, demografi og kjøpsmønster. For ytterlegare å auke Riksteatret si innsikt, og dermed betre grunnlaget for val av marknadsaktivitetar, ønskjer vi direkte tilgang til desse kundedata på framsyningane våre. Første fase med arbeidet for å oppnå dette blei gjennomført i 2022.

Ein sentral del av Riksteatret sitt arbeid med publikumsbygging finn stad lokalt i samband med den einskilde framsyninga. Våre meiropplevingar utafor scenen fører til tettare dialog med publikum og styrker rekrutteringa. Disse aktivitetane setter søkjelyset på viktige samfunnstema, formidlar kunnskap og skapar gode teateropplevingar. I 2022 innleia vi eit samarbeid med Nobels Fredssenter, som deltok i vår Jeanne d'Arc-turné med foredraget «Kva er vi villige til å kjempe for i dag?». Slik fekk skoleelevar landet rundt moglegheit til å lære meir om ytringsfridom, demokrati og pressekritikk på dagtid, mens publikum på alle våre spelestader kunne få med seg foredraget i forkant av framsyningane. I anledning framsyninga Mine venner inviterte vi på utvalde stader til ei forfattersamtale med Monica Isakstuen og Mona B. Riise, om vennskap, boka og teaterframsyninga. I forkant av Ved målet fekk publikum ein intro om forfattar Thomas Bernhard på utvalde stader, og 1530 publikummarar lasta ned dataspelet «Oppdrag Åtto» som blei utvikla i samband med

Detektivbyrå nr. 2 – Operasjon Teater. Dramaturg Siri Ramberg stilte spørsmålet «Kva er det med Hedda Gabler?» før turnéframføringane på Hedda Gabler.

Vi gjennomførte også fleire arrangement i forkant av turneane for å gi publikum moglegheit til å utforske aktuelle tema relaterte til dei ulike framføringane. I samband med Hedda Gabler inviterte vi publikum til ei samtale om Ibsens gåtefulle Hedda Gabler-karakter, mens tilhøvet til mor blei diskutert i samband med framføringa Ved målet. Vennskap var tema da journalist Morten Hegseth og forfattar Monika Isakstuen møtte kvarandre på Litteraturhuset før utreise på Mine venner. For å gi flest mogleg anledning til å oppleve desse samtalene, blei alle arrangement strøyma gjennom ulike kanalar. Nokre blei også gjort tilgjengeleg som podkast.

Sjå også pkt. IV.5 for andre mangfald- og publikumretta tiltak i 2022.

	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Mål 2022	Mål 2023
Formidlingsarrangement	54	20	72	25-75	25-75
Publikum på formidlingsarrangement	6589	5055	9461	5-15 000	5-15 000

Samarbeid med skoler

Riksteatret har i ei årrekke opparbeida ein unik dialog med ungdom gjennom kontakten med teaterglade lærarar i skolenettverket. Lærarar søker om fribillett til seg og sin klasse, og møter skodespelarar og opplever framføringar på kulturhuset på kveldstid. Tilbodet har vist seg å vere ein treffsikker kanal for å møte ungdomar på heimebane – i nærleiken av eigen bustad.

Riksteatret sitt hovudprodukt er naturlegvis scenekunst av høg kvalitet – men scenekunst kan også bidra til inkludering, møtepunkt og vere ein engasjerande utløyser for læring og kompetanseheving. Fribillett til teater er ein ting, men erfaringar viser at billettfondet er så mye meir enn eit teaterbesøk. Billettfondet er eit tiltak som er med på å forebygge utanforskap, oppmuntrar skaparkraft, gir ny kunnskap om ulike tema og bidrar til ein større sosial fellesskap – uavhengig av kulturell og økonomisk bakgrunn. Billettfondet tilbyr ei totalpakke ungdom utanfor storbyar ser som sjeldne.

Vi hjelper til med førebuingane til den planlagde vitjinga

Riksteatret går ofte i kompaniskap med fagmiljø og aktørar som kan vere med på å gi formidlinga den kvaliteten og faglege djupna ungdommen fortener. I tråd med framføringas tematikk utvikla vi i 2022 eit fagleg kompaniskap med Nobels Fredssenter i anledning framføringa, «Jeanne d’Arc». Ein formidlar frå Fredssenteret blei med oss under heile turneen og det blei tilbydd undervisning på dagtid om emneknaggane demokrati, ytringsfridom og pressekritikk. Som eit tillegg blei det utforma eit digitalt undervisningsmaterieil om nemnte tema, som fritt kunne brukast i undervisninga uavhengig av besøk. Undervisningsmaterieilet blei lagt som vedlegg til alle løyvingar via billettfondet.

Eit slikt kompaniskap gir anledning til å skape opplevingar og ein kompetanseutveksling vi aldri hadde klart alene. Dette er eit samarbeid som fører folk saman i diskusjon, læring og forundring. Når vi likevel reiser ut til heile landet med historier og er i dialog med ungdommen via billettfondet gir det oss ein gyllen moglegheit til å sette søkjelys på diskusjonar og tema som kan vere kompetansehevande, inspirerande eller til ettertanke.

I 2022 produserte vi ein film for å marknadsføre og dokumentere Riksteatret sitt billettfond og vise korleis scenekunst kan engasjere elevane og bidra til læring. Opptaket blei gjort i samband med Jeanne d'Arc-turneen og samarbeidet med Nobels Fredssenter.

Riksteatrets billettfond i tall

Av totalt 8 produksjonar var 5 produksjonar tilgjengeleg via Riksteatrets billettfond i 2022.

Riksteatret sitt billettfond hadde eit rekordår for innsendte søknader via fondet. Frå 17 792 søkte billettar i 2021 – eit år som var noko prega av pandemien – har vi gått til 30 361 søkte billettar i 2022.

Ved hjelp av våre gode støttespelarar Sparebankstiftelsen DNB og Statnett kunne vi innvilge 9 741 billettar, primært til vidaregåande opplæring, folkehøgskolen og vaksenopplæringa. Den mest vitja framsyninga via Riksteatret sitt billettfond var «Jeanne d'Arc» med 3 162 løyvingar via fondet. I tillegg fekk 619 elevar besøk i klasserommet av Nobels Fredssenters formidlar på den omtala framsyninga. Det blei utvikla undervisningsmateriell til 3 av 5 framsyningar: Hedda Gabler, Peer Gynt og Jeanne d'Arc.

Fast skoleklasse-pris

Riksteatret tilbyr alltid ein fast pris til skoler som ønskjer å kjøpe billettar til elevane. I 2022 selte vi 4218 rabatterte skolebillettar finansiert av den einskilde klassen, skolen, kommunen eller fylket.

Framsyninga det blei kjøpt flest billettar til, var «Peer Gynt» med 1 866 billettar. Vi saknar oversikt over i kor stor grad DKS er involvert i finansieringa av desse billettane, men gjennom dei seinaste åra har vi nådd eit godt samarbeid med ein del regionale forvaltarar av ordninga. På desse stadene ser vi tydeleg at det blir jobba med å gi elevane ein scenekunstoppleving side om side med det ordinære publikummet på eit kulturhus. Andre stader har vi ikkje nådd den same effekten.

III.1.3 - Mål 3: Riksteatret skal vere ein aktiv samarbeidspartner for ulike aktørar i scenekunstheltet.

Styringsparameter 3.1 – Kunstnarleg samarbeid

	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Mål 2022	Mål 2023
Samproduksjonar der Riksteatret er hovudprodusent	3	3	0	1-5	3-5
Samproduksjonar med annan hovudprodusent	1	1	1	1-2	1-3

Kreativ sparring er ein langsiktig og pågåande kjerneaktivitet som ikkje nødvendigvis kjem til syne i dei årlege statistikkane. Vi bruker mye tid, er proaktive og innfrir på dette målet. Utstrekt vilje til ulike kunstnarlege samarbeid gir Riksteatret vinstar både på kort og lang sikt. Det gir også publikum tilgang til å oppleve fleire forskjellige kunstnarar frå heile landet.

Ved sidan av den kontinuerlege dialogen med regionteatera, har vi kontakt med einskildkunstnarar, kompani frå det frie feltet og andre kunstinstitusjonar om utvikling av felles prosjekt, turnésamarbeid eller deling av ressursar (som døme kan vi nemne Oslo Filharmonien, kompania Katma, Rimfrost, Wakka Wakka og Spkrbox, regissør Nina Wester & forfatter Jenny Svensson om "Barnerepublikken" og Thomas Jørstad Pettersen om "Prinsessa"). Gjennom heile året har vi hatt fleire konkrete samarbeid av slik art, med møter og verkstader for uttesting av idéar og langsiktige samarbeidsstrategiar. Langt ifrå alle idéar ender opp med avtale om vidare samarbeid, men det gir oss ei brei kontaktflate og god dialog med moglege kunstnarlege partnerar for framtida.

Teateråret 2022 har vore eit unntak med omsyn til samarbeid med andre teater. Vi har prøvd, men ikkje lukkast så godt som ønsket når det gjelder å samarbeide med andre teaterinstitusjonar om framsyningar for turné. Dei fleste andre teater har etter pandemiåra sutte med det vi kan kalle eit overskot av produksjonar som dei ikkje har fått vist for sitt eige publikum. Dei har derfor i stor grad konsentrert seg om å vise fram repertoaret sitt på eiga scene og ikkje hatt høve til å inngå produksjonssamarbeid eller bidra med kunstnarlege ressursar til Riksteatret.

Vi har derimot lukkast med å langtidsplanlegge mange gode samarbeid for dei kommande sesongane. Dette arbeidet, nedlagt i 2021 og 2022, vil vise seg i samproduksjonar med både teaterinstitusjonar og frie grupper i 2023 og jubileumsåret 2024.

Resultatet av RIKS_PITCH 21, med open utlysning for framsyningsidéar, har resultert i fleirpartssamarbeid om utvikling av heilt nye idéar og manus frå finalistane i konkurransen. For alle RIKS_PITCH prosjekta som blei valt ut, har vi i samarbeid med partnerar i 2022 arrangert verkstad, prøver og auditions som del av forarbeidet og konseptutviklinga. Konkret gjeld dette samarbeid med Haugesund Teater, Hålogaland Teater, Teatret Vårt i Molde, Oslo Nye Teater og Dramatikkens Hus. Det er også i 2022 planlagt ny utlysning av RIKS_PITCH 23 kor Riksteatret har invitert alle landets produserande scenekunstmiljø til å delta. I juryen deltar også tilsette frå andre teater og frilansarar for å gi prosjektet bred forankring.

Styringsparameter 3.2 – Kompetansedeling

Resultatmål: Riksteatret skal vere ein kompetansepartner og bidra til profesjonalisering gjennom kunnskapsdeling innanfor ulike fagområde.

Kompetansedeling mellom institusjonsteatera

Riksteatret har etablert ein god posisjon som aktiv pådrivar for deling av kunnskap om kvart teater si verksemdsdrift. Vi deler aktivt kunnskap om kontraktmalar, tolking av overeinskomstar, nøkkeltal, stillingsomtalar, organisasjonsmodellar, planleggingsverktøy m.m.

Vår produksjonssjef føreles i Riksteatrets produksjonsmodell både på BI og direkte hos fleire teater.

Riksteatrets eigenutvikla digitale planleggingsverktøy og informasjonsplattform for teaterproduksjon «Riksplanen» er tekne i bruk av fem andre institusjonsteater og blir utvikla vidare i fellesskap.

Riksteatret er også initiativtakar til ei eiga samling for dei teatera som har turnéverksemd, dette blei gjort under Heddadagane både i 2020 og 2022. Her utviklar vi samarbeid om turnéruiter, marknadsføring og kulturhusoppfølging, vidare evaluerer vi avtaler om samproduksjonar.

Hospitanttilbod for kulturhustilsette

Riksteatret ønskjer å vere ein kompetansepartner og bidra til profesjonalisering ved systematisk å dele kunnskap innafor ulike fagområde. I fleire år har Riksteatret gjennomført ei hospitantordning som medfører at administrativt, marknads- og teknisk personale frå kulturhusa blir invitert til å hospitere i våre respektive avdelingar.

Ved å delta på hospitantopphold i marknads- og kommunikasjonsavdelinga har fleire kulturhus styrkt marknadskompetansen sin og fått auka forståing for Riksteatrets publikumsarbeid. I 2022 blei det organisert ei større samling i november med til saman 12 hospitantar. I tillegg blei det gjennomført to heile opplærings dagar med til saman 17 deltakarar.

Det har vore hospitantopphold også i produksjons- og turnéavdelinga. Fire hospitantar deltok i november og fekk innblikk og opplæring i Riksteatret sin produksjonsmodell og innblikk i turnéavdelingas arbeid.

	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Mål 2022	Mål 2023
Hospitantavtaler	0	0	29	15	15

Styringsparameter 3.3 – Samarbeid med regionale aktørar

Resultatmål: Riksteatret skal vidareutvikle tilhøvet til dei ulike regionale aktørane og styrke graden av ressursdeling.

Kulturhusa

Regionale kulturhus er av grunnleggande betydning for det lokale kulturlivet, og Riksteatret er ein sentral innhaldsleverandør av profesjonell scenekunst til kulturhusa. Riksteatret samarbeider tett med interesseorganisasjonen Norske kulturhus og deira arrangørnettverk. Riksteatrets leiarskap nyttar blant anna styret i Norsk kulturhus som referansegruppe og rådgjevingsinstans i strategiske spørsmål. Også i 2022 har vi hatt god nytte av tette band til kulturhusa og interesseorganisasjonen, viktige tema har vore HMS, kontraktar, «korleis få publikum tilbake» m.m.

Regionteatera

Riksteatret hadde færre samarbeid med regionteater i 2022 enn normalt. Dette fordi planleggingshorisonten i pandemien var uføreseieleg. Men vi var på turné med Mio min Mio, som var produsert i samarbeid mellom Teatret Vårt i Molde og Nordland Teater i 2018. Riksteatret

produserte ny dekorasjon, og innstuderte framsyninga med nye skodespelarar i ei gjenopptaking av den opphavlege framsyninga. Slik får fleire barn oppleve ein kritikarrost publikumssuksess med Riksteatret. Riksteatret har initiert fleire samarbeid med regionteater i 2023 og 2024, og arbeidet med desse produksjonane starta 2022.

Styringsparameter 3.4 – Arrangørutvikling

Resultatmål a: Riksteatret skal ha klare roller, forventningar og krav til arrangørar.

Resultatmål b: Riksteatret skal vidareutvikle arrangørar som samarbeidspartnarar for å bygge teaterinteressen, auke publikumsbesøket og synleggjere Riksteatret.

Resultatmål c: Riksteatret skal ha eit godt samarbeid med Norsk Kulturhusnettverk.

	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Mål 2022	Mål 2023
Arrangørkonferansar	5	24	10	7	7

Riksteatret har eit stort arrangørnettverk, bestående av 74 kulturhus over heile landet. Arrangørane spanner vidt med omsyn til lokalisering, størring og ressurstilgang. Ein fellesnemnar for dei fleste er at Riksteatret er deira viktigaste innhaldsleverandør av teater.

Riksteatret skal vere ein ressurs for arrangørane våre, samtidig som vi også har forventningar og stiller tydelege krav til publikumsarbeid, sal, HMS, nærvære og tilgjengelegheit. For å etterleve dette fører vi god dialog med alle, og har regelmessige møte med interesseorganisasjonen Norske kulturhus. Riksteatrets leiarskap nyttar blant anna styret i Norsk kulturhus som referansegruppe og rådgjevingsinstans i strategiske spørsmål. I 2022 har viktige tema blant anna vore HMS, arrangørkontrakter, og «korleis få publikum tilbake» m.m.

Den årlege arrangørsamlinga og dei regionale samlingane er viktige møteplassar for relasjonsbygging mellom arrangørane og Riksteatret. Turnépremierane er også ei god anledning til å møte politikarar, representantar frå skole, bibliotek, kommunens kultursektor m.m. Vi gjennomfører vanlegvis fleire møte med slike aktørar frå lokalmiljøet på premieredagane.

Etter nokre år med hovudvekt på digitale møter grunna pandemien, gjennomførte vi i 2022 igjen fleire fysiske møte med arrangørane. Etter to års pause kunne vi endeleg samle alle kulturhusa til eit arrangørseminar i Oslo. I løpet av året blei det også gjennomført to opplæringsamlingar i marknads- og kommunikasjonsavdelinga, og i november hospiterte 16 arrangørar i ulike avdelingar ved Riksteatret. Samtidig har vi fortsett med digitale møtepunkt, ettersom dette gir enklare og hyppigare kontakt. Fylkesmøta, som samlar alle arrangørane innanfor kvart fylke, blei gjennomført både fysisk og digitalt. Vår årlege sesonglansering blei direkte strøymt til alle kulturhusa.

Kvar arrangør har sin eigen faste kontaktperson i marknadsavdelinga og får tett oppfølging med tanke på publikumsutvikling og billettsal. For ytterlegare å styrke kontakten med arrangørane lanserte vi i 2022 prosjektet Riksvenn. Føremålet er å få råd og innspel frå arrangørane gjennom regelmessig involvering i planer rundt marknadsføring og kommunikasjon tilknytt våre framsyningar.

For arrangørutvikling sjå også styringsparameter 3.2 - Kompetansedeling

Styringsparameter 3.5 – Partnerskap

Resultatmål: Riksteatret skal utvikle eit kontaktnett av bedriftspartnarar og teatervenner.

Hovudsamarbeidspartnarar

Statnett og Riksteatret innleia eit samarbeid i 2019. Gjennom samarbeidet har Statnett bidratt med at 1909 ungdomar har opplevd scenekunst av høg kvalitet i sitt nærområde. Saman gir vi dei kraftfulle og elektriske opplevingar. Tilsette i Statnett får dessutan 20% rabatt på alle Riksteatret sine framsyningar – uavhengig av kor dei bor i landet.

Saman med **Sparebankstiftelsen DNB** har vi kunne tilby 8 000 elevar teateropplevingar i 2022, som var det siste året i samarbeidsavtalen, og vi har gjennom dei to seinaste åra gitt fleire tusen ungdomar over heile landet moglegheit til å oppleve teater i sitt nærområde.

Å sjå profesjonelt teater på kveldstid i lag med eit ordinært, teaterglad publikum gir ungdomar ei unik erfaring. Slik har dette økonomiske bidraget sørga for å bygge teaterinteresse hos ein av våre aller viktigaste publikumsgrupper – framtidens teaterentusiastar. For å kunne styrke opplevinga for elevane blir det utforma undervisningsmateriell. Dette er eit verkøy tilpassa utvalde framsyningar og elevens læreplan – og blir teke i bruk i forkant eller etterkant av teaterframsyninga for å kunne gje større forståing for framsyningas tematikk og budskap.

Andre samarbeidspartnarar

Riksteatrets samarbeidsavtale med **Coop** gir oss ein unik direktekanal til 1,6 millionar moglege publikummarar over heile landet. Coop er eigd av kundane deira gjennom medlemskap i eit av 102 samvirkelaga i Norge. Som medlem i Coop får du 30% avslag på alle Riksteatret sine framsyningar. Vi ser at samarbeidet har ein positiv effekt på salstala over heile landet.

I 2023 blei det gjort ei ny vurdering av Riksteatret sine samarbeidspartnarar. Samarbeidsavtalene med Delta / Kulturforbundet i Delta og Bokklubben blei avslutta – men samarbeidet med ARK, LOfavør, Opplevingskortet Join, Vi over 60 og Norges Bibliotekforening står som aktive. Medlemmene får 20% rabatt på inntil fire billetter til Riksteatret sine framsyningar.

III.2. Ressursbruk

Netto driftskostnader (post 01)

	2020	2021	2022	Budsjett 2023
Netto driftskostnad (*)	85 271	87 072	90 578	91 039
Del av totalkostnad	64%	58%	59%	58%

Oppdelinga av kostnadene våre i netto driftskostnader og brutto prosjektkostnader kan gi eit skeivt bilde av kva for middel som brukast direkte til teaterproduksjon. 64% av posten netto driftskostnader går med til løn for fast tilsette teatertechnikarar, produsentar, turnékoordinatorar og marknadspersonale samt utgifter til marknadsføring og kjøp av teatertechnisk utrustning. Vidare inkluderer posten husleige for teatersalar og verkstader.

Brutto prosjektkostnader (post 21)

	2020	2021	2022	Budsjett 2023
Utgifter direkte knytt til prosjekta	47 582	62 286	63 665	65 924
% av teateret sin totalkostnad (brutto)	36%	42%	41%	42%

Årsverk fordelt på funksjon

	2020	2021	2022	Budsjett 2023
Kunstfagleg personale, årsverk	74,1	81,8	75,9	76
Adm. personale, årsverk	24,9	23,5	23,5	22,5
Driftstechnisk personale, årsverk	3	3	3	3
Sum tal på årsverk	102,0	108,5	102,4	101,5

I tabellen er kunstfagleg personale angitt etter NTO sin definisjon, dvs. at teatertechnisk personale, produsentar og dramaturg er inkludert her.

Utvikling i tal på fast tilsette per 31.12.

	2020	2021	2022	Budsjett 2023
Tal på fast tilsette	72	76	78	75


Fire personar er planlagt å slutte ved naturleg avgang i løpet av 2023. Arbeidsoppgåvene deira blir delvis fordelt internt og medfører ikkje direkte erstatning av alle fire. Vi regner med ein nedgang i talet på fast tilsette i løpet av 2023 og ser for oss at dette talet er 75 ved utgangen av 2023.

Utvikling i tal på produksjonar, framsyningar og skodespelarar

Grafane under viser utviklinga dei siste åra, inkludert planane for 2023 ettersom framsyninga og turnérutene for 2023 er fastsett på tidspunktet for denne årsrapporten. Det er viktig å vere merksam på at åra 2019 – 2023 er planlagt ut frå årsbudsjett som i snitt hadde eit årleg underskot på 6,5 mill.kr. Planlegginga med underskot har gjort det mogleg å oppretthalde eit kunstig høgt tal på produksjonar og skodespelardagsverk. Underskota er finansierte gjennom bruk av budsjettreserven som blei bygd opp i 2017 og 2018. Desse åra hadde billettinntekter godt over forventningane, og Riksteatret har anledning til å sette av middel som tryggleik for utgifter til kunstnarleg verksemd med varierende inntekter frå år til år.

Ensemble

Denne grafen viser tal på tilsette (midlertidige og faste) skodespelarar kvart år. Riksteatret har nå berre prosjekttilsette skodespelarar. I første halvdel av -80 talet var det ca. 30 fast tilsette skodespelarar ved Riksteatret. I 1993 hadde talet på fast tilsette skodespelarar falt til 16, og sidan da er ikkje skodespelarar som har slutta blitt erstatta. Den siste fast tilsette slutta i 2020.



Skodespelareksponeringar


Grafen under viser utviklinga i tal på skodespelardagsverk utført på framsyningar. Det vil til dømes seie at ein produksjon med fire skodespelarar som blir spelt 20 kveldar fører til 80 skodespelareksponeringar.



Tal på produksjonar

Grafen viser kor mange produksjonar Riksteatret årleg har på turné. Tal på produksjonar skaper breidda i repertoaret, og danner grunnlag for moglegheitene kvart kulturhus har til å få fleire produksjonar til sin stad.

Tal på produksjonar er direkte knytt til tal på regissørar, dramatikarar, scenografar, kostymedesignarar, komponistar, lys- og lyddesignarar og andre opphavere som Riksteatret knyter til seg. Engasjementet for desse faller tilsvarande.



ENSEMBLE 2022

Fornamn	Etternamn	Framsyning
Amalie Sofie Ibsen	Fjørtoft Jensen	Detektivbyrå nr. 2
Amanda Hedvig	Lie Strand	Detektivbyrå nr. 2
Anders Baasmo	Christiansen	Peer Gynt
Anne Katharine	Krigsvoll	Ved målet
Arjan	Nilsen	Detektivbyrå nr. 2 og Mio, min Mio
Arthur Hakalahti	Eilertsen	Detektivbyrå nr. 2
Eirik Langås	Jørgensen	Jeanne d'Arc
Eivin Nilsen	Salthe	Hedda Gabler
Elias Moussaoui	Anseth	Jeanne d'Arc
Evy Kassest	Røsten	Mine Venner
Gisken	Armand	Peer Gynt
Gorm	Grømer	Jeanne d'Arc
Ingrid Unnur	Giæver	Hedda Gabler
Jan	Sælid	Peer Gynt
Janne Starup	Bønes	Detektivbyrå nr. 2
John Emil	Jørgensrud	Hedda Gabler
Josefine Frida	Pettersen	Ved målet
Karl-Vidar	Lande	Ved målet
Katja Brita	Lindeberg	Mine Venner
Khalid	Mahamoud	Hedda Gabler
Kristine	Hartgen	Hedda Gabler
Lars Halvor	Andreassen	Detektivbyrå nr. 2
Linn Bjørnvik	Grøder	Mine Venner
Maja Evenshaug	Christiansen	Mio, min Mio
Maria Sørflaten	Agwumaro	Detektivbyrå nr. 2
Marte	Stolp	Mine Venner
Martin Karelius	Østensen	Mio, min Mio
Mats	Moe	Jeanne d'Arc
Monica	Dybwad	Jeanne d'Arc
Ola G.	Furusest	Peer Gynt
Oscar	Jean	Jeanne d'Arc
Rasmus Ofstad	Feidje	Detektivbyrå nr. 2
Thea Lambrechts	Vaulen	Peer Gynt
Thomas	Jørstad-Pettersen	Detektivbyrå nr. 2
Yngve	Berven	Detektivbyrå nr. 2

KUNSTNARLEG TEAM 2022

Regissører

Fornamn	Etternamn	Framsying
Eline	Arbo	Jeanne d'Arc
Fredrik	Longva	Hedda Gabler
Hilde	Brinchmann	Detektivbyrå nr. 2 og Mio, min Mio
Johannes Holmen	Dahl	Ved målet
Kjersti	Haugen	Mine Venner
Ole Anders	Tandberg	Peer Gynt

Scenografar

Fornamn	Etternamn	Framsying
Erlend	Birkeland	Peer Gynt
Katja	Ebbel	Hedda Gabler
Olav	Myrtvedt	Jeanne d'Arc
Paul Sebastian	Garbers	Detektivbyrå nr. 2 og Mio, min Mio
Milja Maaria	Salovaara	Mine Venner
Nia	Damerell	Ved målet

Kostymedesignarar

Fornamn	Etternamn	Framsying
Alva	Walderhaug Brosten	Jeanne d'Arc
Helena	Andersson	Detektivbyrå nr. 2 og Mio, min Mio
Maria	Geber	Peer Gynt
Solveig Holthe	Bygdnes	Hedda Gabler
Milja Maaria	Salovaara	Mine Venner
Nia Sørli	Damerell	Ved Målet

Lyddesignarar

Fornamn	Etternamn	Framsying
Amund	Ulvestad	Hedda Gabler
Eirik	Myhr	Mio, min Mio og Detektivbyrå nr. 2
Erik	Hedin	Ved Målet
Gaute	Tønder	Mine Venner
Kolbjørn	Lyslo	Ved Målet

Lysdesignarar

Fornamn	Etternamn	Framsying
Elisabeth Kjeldahl	Nilsson	Peer Gynt
Jonas P A	Fuglseth	Mio, min Mio
Martin	Flack	Detektivbyrå nr. 2
Martin	Myrvold	Hedda Gabler
Norunn	Standal	Ved målet
Øyvind	Wangensteen	Jeanne d'Arc og Mine Venner

Dramaturgar

Fornamn	Etternamn	Framsyning
Hege Randi	Tørressen	Ved målet
Mariken	Lauvstad	Detektivbyrå nr. 2
Morten	Kjerstad	Mine Venner
Oda	Radoor	Jeanne d'Arc
Siri Løkholm	Ramberg	Hedda Gabler
Øyvind	Berg	Peer Gynt

Komponistar

Fornamn	Etternamn	Framsyning
Hanne	Hukkelberg	Hedda Gabler
Joel	Sahlin	Peer Gynt
Thijs	van Vuure	Jeanne d'Arc
Eirik	Myhr	Mio, min Mio og Detektivbyrå nr. 2
Erik	Hedin	Ved målet
Gaute	Tønder	Mine Venner

Koreografisk assistanse

Fornamn	Etternamn	Framsyning
Kristin Ryg	Helgebostad	Ved målet
Magnus	Myhr	Mine Venner

Kampkoreografi

Fornamn	Etternamn	Framsyning
Kristoffer	Jørgensen	Mio, min Mio og Detektivbyrå nr. 2

Dramatikarar

Fornamn	Etternamn	Framsyning
Hilde	Brinchmann	Detektivbyrå nr. 2 og Min, min Mio
Kjersti	Haugen	Mine Venner
Henrik	Ibsen	Hedda Gabler og Peer Gynt
Thomas	Bernhard	Ved Målet
Lucas	Svensson	Jeanne d'Arc

Bokforfattarar

Fornamn	Etternamn	Framsyning
Astrid	Lindgren	Min, min Mio
Monica	Isakstuen	Mine Venner

IV. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

IV.1 Internkontroll


Intern styring

Grunnmuren i Riksteatrets styring er ein produksjonsmodell utvikla spesielt for Riksteatret. Dette er ein modell som einiskilde regionteater nå har kopiert, og dermed nyter dei godt av arbeidet Riksteatret la ned i utvikling av modellen. Her inngår faste avgjerdspunkt kor leiar gruppa samlast gjennom prosjektets livsfase. Modellen tek oss gjennom prosessen frå utredning i forkant til læring i etterkant via avgjerdsmøter i leiargruppa i lag med produksjonens produsent. Dei einiskilde delane utgjer etablering (kor produsenten får sitt mandat), konseptgodkjenning, detaljgodkjenning, statusrapport og refleksjon. Alle område blir evaluerte i etterkant, og kvar sesong blir oppsummert ved at leiargruppa gjer reie for læringspunkt frå den tilbakelagte sesongen overfor heile organisasjonen.

Økonomistyringa blir koplå inn allereie i utreiinga, kor alle produksjonar halvanna år fram i tid blir skissert og justert fortcontinuerleg. Vidare er ansvarlinjene tydeleggjort gjennom produsentrolla, som er økonomisk ansvarleg for kvar produksjon, og det først fortcontinuerleg oppfølging av avvik.

Dette har gjort Riksteatrets organisasjon særst godt eigna til å gjennomføre deira oppgåver. Vidare har søkjelyset på repertoarsamansetning, og ein continuerleg kontroll opp mot marknadsmoglegheitene og produsentane si gjennomføring, auka sjansen for oppnåing av mål.

Riksteatrets produksjonsmodell



Risikoområde

Repertoarverksemda er området med høgast risiko, men også det området kor høg risiko er akseptabelt – ein kan gå så langt som til å seie at høg risiko nesten er ein føresetnad for kunstnarleg verksemd. Dei avgjerande faktorane er val av repertoar med tanke på appell, aktualitet, relevans m.m. samt rollebesetning.

Vi kategoriserer finansiering som ein middels risiko fordi det knyter seg ein usikkerheit til billettinntektene, som utgjer nesten 20 % av finansieringa vår. Bidrag frå næringslivet utgjer ein betydeleg mindre del, rundt 1,5 %, men her har risikoen for bortfall av inntekter auka i takt med næringslivets fokus på direkte avkastning (kall det gjerne «klikk-for-likes»-effekten) framfor samfunnsansvar og relasjons- og omdømmebygging.

Generelt jobbar vi med å redusere risiko gjennom sterk styring av kostnadssida, og stor vektlegging av repertoarsamansetning og marknadsføring av produksjonane.

IV.2 Fellesføringar - Konsulentbruk

Konsulentbruken ved Riksteatret er ikkje av vesentleg storleik, vi har ingen større IKT-prosjekter og ingen bruk av eksterne kommunikasjonsrådgjevarar. Vi har gjort ein gjennomgang av dei siste fire åra som avdekkjer følgjande:

Juridiske honorar er ikkje ei fast utgift, men svingar mellom 0 og 100` i året. Vi søker ikkje ofte juridisk bistand ved utforming av kontraktar, men søker bistand ved personalsaker eller erstatningskrav. Vi jobbar ikkje for å redusere kostnadene på dette området, men oppretthalde fortsett låg bruk av slike tenester.

IKT-tenester utgjer den vesentlegaste kostnaden, og ligger i snitt på 300` årleg dei siste fire åra. 15% av utgifta har gått til tilpassing av timeregistreringssystem for tilsette som ikkje er på statstariff, dette var ei eingongsutgift. Andre kostnader er primært i samband med marknadsføringstenester for Riksteatret og våre teaterframsyningar i form av web-sider, web-tenester for arrangørane våre, fotoarkiv, nyheitsbrevtenester og billettsystemtilpassingar. Vi ser ein svakt fallande tendens for kostnadene som følge av ei stadig betre tilpassa teneste. Når ein ser på bredda desse tenestene omfattar, er kostnaden låg i høve til om kunnskapen skulle vore tileigna og ivareteken av eigne tilsette. Vi vil framleis kjøpe slike tenester i eit avgrensa omfang. Riksteatret har ingen store IKT-prosjekt og bygger løysingar rundt hyllevare og tilpassing av desse. Den einaste skreddarsydde programvara er vårt prosjektstyringsverktøy som blei lagd rundt 2005, og framleis er i bruk med mindre faste tilpassingar. Det programmet er i ettertid adoptert av fleire institusjonsteater.

Organisasjonsutvikling for åra 2019 og 2020 samla var på 350', mens det ikkje blei brukt middel til dette i 2021 og 22. Inkludert i summen frå 2020 er bruk av den statleg utvikla medarbeidarundersøkinga. Målt i prosent av lønsutgiftene utgjer kostnaden til organisasjonsutvikling mindre enn ein halv prosent, eit nivå det er vanskeleg å komme under utan at det skal gå ut over medarbeidarane og leveransen. Kostnaden vil auke i 2023 grunna planer om ei ny medarbeidarundersøking og bruk av konsulenttenester i sambandmed ein strategiprosess.

Kommunikasjonsrådgjeving for Riksteatrets vedkommande gjeld marknadsundersøkingar, her hadde vi ein kostnad på ca. 200' tilbake i 2018, og vi vil gjenta dette i mindre skala i 2023. Vi bruker ikkje eksterne kommunikasjonsrådgjevarar, einast eigne ressursar i form av m.a. to tilsette kommunikasjonsmedarbeidarar i marknadsavdelinga.

IV.3 Fellesføringar - Lærlingar

Riksteatret samarbeider med Opplæringskontoret for små handverksfag om lærlingar, og teateret tok inn ein ny lærling i kostymesyerfaget i april. Riksteatret har mange handverksfag der fagmiljøa blir for små til å ta inn lærlingar, og der turnéverksemda skaper store variasjonar i kapasiteten. Systua vår er difor vårt einaste miljø for små handverksfag som er stort og stabilt nok til å ha lærlingar. Riksteatret vurderer å ta inn ytterlegare ein lærling på systua i 2023.

IV.4 Klima- og miljøtiltak

Klimaomsynet blir ivareteke på fleire nivå i Riksteatret og teaterbransjen, frå mikro- til makronivå.

Vi har etablert ei eiga klimagruppe ved teateret og hatt temaet som eit av hovudtema under dei årlege medarbeidardagane. Klimagruppa analyserer no konkrete endringar på dei einskilde fagområda innan teaterproduksjon. Dette har til dømes gitt endringar i innkjøp av kjemikalie til bruk i kostyme- og maskeproduksjon, i tillegg til klimariktige val ved produksjon av scenografi.

På kunstnarleg side legg vi vekt på berekraftig design av sceneelement og løysingar allereie i konsept- og skissefasen, i samarbeid med prosjektets engasjerte designarar.

Som leigetakar av 4.500 kvm lokale i Nydalen er vi i tett dialog med utleigar og har gjennomført energiøkonomiserande tiltak som reduserte driftstider av ventilasjonsanlegget, både med omsyn til døgndrift, helgedrift og stenging av deler av anlegget i mindre aktive periodar. Saman med utleigar gjer vi også regelmessig analyse av avfallssorteringa, og har som følge av dette endra instruksane til reinhaldsleverandør.

Utetter har vi i år hatt representantar på ein internasjonal miljøkonferanse for scenekunstfeltet, og vi er ein aktiv pådrivar for at bransjeorganisasjonane skal samle seg om klimaarbeidet.

På sikt vil vi prøve å få til ei utskifting av turnébussane til ein grønarare profil, men per i dag er ikkje distribusjonsnett for korkje hydrogen eller el-lading tilstrekkeleg utbygd på «våre vegar».

For 2023 planleggast det forbetringar med omsyn til avfallssortering av destruerte scenografielement, samt ytterlegare detaljer på mikronivå i kvar enkelt fagavdeling.

IV.5 Likestilling og mangfald

Skaper- og innholdsmangfald

Riksteatret har i stor grad nådd sine mål for 2022, men arbeider vidare med ulike langsiktige strategiar og tiltak innanfor kunstnarlege oppgåver og tilsetjingar. Mangfaldsomgrepet blir diskutert ivrig og ofte, noko som er ein god indikasjon på heile organisasjonens engasjement rundt mangfald og diskriminering.

Riksteatret har særleg god oversikt over frilansar- og utdanningssektoren for scenekunstnarar. Kvart prosjekt blir kunstnarleg vurdert med tanke på moglegheitene for ei mangfaldig samansetjing av både skapande og utøvande kunstnarar (skaparmangfald). Arbeidet med adekvat og representativ rollebesetning er viktig og er i gang kontinuerleg. Vi arbeider bevisst med rollebesetning og strekker oss etter "blind casting" (der hudfarge ikkje har nokre betydning), men erkjenner at Norge har ein lang veg å gå samanlikna med føregangsland og -miljø i denne målsettinga. Av og til er det likevel klare referansar til synleg etnisitet i teksten som gjer at det blir førande, som i «Hør'a, dagbok!» som blei pitcha inn under RIKS_PITCH -21 og blei rollebestemt etter auditions i 2022.

Likestilling er ikkje eit like relevant omgrep for utøvarar, men det skjer oftare enn tidlegare at roller som er kjønnsdefinert i manus blir rollebestemt med motsett kjønn på scena, både med og utan tilsikta kunstnarleg intensjon. I kreative roller som regissørar, koreografer eller designarar forsøker vi å oppnå ei jamn fordeling av kjønn, eller ei overvekt av kvinner sidan dei lenge har vore underrepresenterte i leiande og definerande stillingar i teaterbransjen.

Tematikk og relevans (innholdsmangfald) er eit regelmessig diskusjonspunkt i kunstnarlege forum, og vi oppsøker nå oftare litteratur og kreative miljø med ulike referansar. RIKS_PITCH-prosjektet har gitt oss tilgang til framsyningsidéar frå eit breitt lag av befolkninga, inkludert minoritetar. To av fire RIKS_PITCH-prosjektet det blei arbeida med i 2022, har tydeleg utspring i samisk og fleirkulturell tematikk og kultur. Dette er ein av grunnene til at vi i 2022 har forberedt ei ny utlysing av RIKS_PITCH -23 kor også juryen er breiare og meir mangfaldig samansett enn i 2021.

Frå 2012-2021 utdanna Det Norske Teatret (DNT) i samarbeid med Nord Universitet 14 skodespelarar med bakgrunn frå ikkje-europeiske land. Det har hjelpt til at norsk teater, TV og film speglar befolkninga betre. For å auke den kunstnarlege kvaliteten i scenekunstfeltet og gi historiene vi fortel større bredde, har Riksteatret, DNT og Teater Manu gått saman for å utvikle ei treårig utdanning for regi og scenografi. Vi ser at det er eit behov for å auke premissleverandørar i Norsk Scenekunstfelt, i utvalet av kven som definerer kva historier som skal forteljast og korleis dei skal forteljast. Eit omfattande forprosjekt er finansiert og igangsett av desse tre teatera.

Dette er kanskje litt på sida av rapporteringskriteria, men vi syns det er viktig å nemne at Riksteatret tilbyr å bruke intimitetskoordinator når vi lager utfordrande og intime scener med sex eller lite påkledding. Skodespelarar med forskjellig verdisett eller bakgrunn vil ha behov for å nærme seg dette arbeidet på ulikt vis. Utøvarane får med hjelp av ein intimitetskoordinator tilbod om å planlegge og sørge for at arbeid med slike scener går rett for seg, og slik at skodespelarane sin trivsel blir ivareteken undervegs.

Publikum - brukarmangfald

Vi jobbar kontinuerleg med å bygge relasjonar til grupper som tradisjonelt ikkje går, eller har moglegheit til å gå på teater. Riksteatret skal vere for alle uansett bakgrunn og livssituasjon. I 2022 har Riksteatret retta seg i enda større grad mot barn og unge tilknytt barne- og familieframsyningane, samt lagt større vekt på vaksenopplæringa knytta til vårt allereie eksisterande billettfond.

For å sikre eit teatertilbod til barn og unge, uavhengig av bakgrunn og/eller økonomi, oppretta vi i 2021 ein priskategori kalla «Riks+». «Riks+» er til alle landets organisasjonar, foreiningar, kommunar og enkeltpersonar som jobbar med inkludering og mangfald. Denne priskategorien har foreløpig berre vore tilgjengeleg på barne- og familieframsyningar, og er brukt av organisasjonar som Frivilligsentralen, Røde Kors, Eineståande Familiar, NAV og Fattighuset – for å nemne nokre. Riksteatret har til nå jobba med fleire organisasjonar som har avdelingar fleire stader i landet og bidrar med spissa kompetanse i lokalsamfunnet. Dialogen er starta med tanke på at han skal vere langsiktig, og målet er å få fleire lokale samarbeidspartnarar landet rundt. Dette tiltaket var særleg retta mot publikumsfavoritten, «Operasjon Teater: Detektivbyrå nr.2». Der fekk vi moglegheit til å gi 972 billetter til familiar med sårbar økonomi.

Riksteatret har i mange år hatt sideprogram og oppsøkande verksemd særleg retta mot ungdomsgrupperingar, blant annet gjennom Riksteatrets billettfond, som på mange vis er blitt teateret sitt største mangfalds- og inkluderingsprosjekt. Dette er eit prosjekt som kan forebygge utanforskap og bidra til inkludering, kreativitet og sosialt fellesskap. I fjor blei også vaksenopplæringa sterkare inkludert i billettfondet.

Enkeltvis kan unge folk nytte gunstige billettprisar på Riksteatret sine framsyningar. I 2020 oppretta vi ein ny billettkategori for dei under tretti. Denne priskategorien er blitt fast inventar og blir nytta i aukande grad. Tal på billetter vi selde i denne kategorien auka frå 1653 billetter i 2021 til 2802 billetter i 2022, sjølv med færre produksjonar med dette tilbodet i fjor.

IV.6 Aktivitets- og utgreiingsplikt

Riksteatret jobbar for likestilling og mot diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsvariasjon, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk og kombinasjonar av desse grunnlaga.

IV.6.1 Tilstand for kjønnslikestilling

Som i tidlegare år er det kjønnsbalanse på Riksteatret om vi ser på heilheita blant faste tilsette. Så finst det lokale skeivskapar i avdelingar der kjøna tradisjonelt sett vel ulikt. Døme på dette er kostymeavdelinga og lydavdelinga.

I 2022 har teateret nådd ein dreining frå å vere mannsdominert blant kunstnarane til å bli kvinnedominert. Årsaka er at teateret har tilsett fleire kvinnelege kunstnarar i form av instruktørar, koreografer, scenografar, skodespelarar, komponistar, m. fl. skildra i tabellen under som midlertidige tilsette. Teateret er opptekne av å tilsette kvinner i kunstnarlege posisjoner, ettersom denne gruppa tradisjonelt har vore mannsdominert.

I tabellen under har vi sett på leiinga for seg og andre faste tilsette i samanheng.

Det er ingen personar i ufrivillig deltid på Riksteatret.

Sjukefråværet på Riksteatret var på 3,64% for heile året. Det er godt innanfor målsettinga om lågare enn 5%. Med fysisk tungt arbeid i samband med teaterproduksjon og turneverksemd, er Riksteatret nøgd med det låge sjukefråværet.

	Kjønnsbalanse fast tilsette		Kjønnsbalanse midlertidig tilsette		Foreldrepermisjon		Faktisk deltid		Ufrivillig deltid	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2022	40	38	81	58	0	0	3	3	0	0
2021	39	37	55	70	5,5 veker	0	3	3	0	0

Midlertidig tilsette omfattar i hovudsak prosjektengasjerte frilanskunstnarar; skodespelarar, instruktørar, scenografar, koreografer etc., som er tilsett i fleire måneder, på konkrete framsyningsprosjekter. Også personar med små dagsoppdrag i produksjonene, som til dømes dialektinstruktørar og kampsportinstruktørar er inkludert her, så vel som timelønde publikumsverter.

	Alle stillingar			Lederstillingar			Snittløn
